



Venstre vil satsa på Børnes

**Venstre vil leggja til rette for og byggja ut industriområde med høg kvalitet på Husnes og på Børnes i Uskedalen, heiter det i valprogrammet til partiet som vart behandla under årsmøtet i AFA.**

**Her er nokre andre programpostar som partiet vil gå til val på:**

- \* Partiet seier ja til færre og betre skular.
- \* Vil ha ein god offentleg skule for alle, men også vera open for ein alternativ skulemodell.
- \* Vil sjå til at kulturskulsenteret vert bygd slik føresetnaden er.
- \* Er nøgd med festivalsatsinga dei siste åra og vil halda fram med støtte til større arrangement og markeringar.
- \* Vil arbeida for ei auka tildeling av offentlege spelemidler til kommunale og private anlegg i kommunen.
- \* Vil prøva ut ein kommunal idrettsskule etter modell frå Kulturskulen.
- \* Når ny Osveg er klar, få vurdert om Os bør vera innfallsporren med båt til Bergen.
- \* Som ein del av Kyststamvegen korta ned reisetida

med ferje mellom Bjellandsnes og Tysnes.

- \* At Rosendalsruta skal ha stopp i Herøysundet/Uskedalen.
- \* At snøggtoget over Haukeli blir utgreidd.
- \* Ha ei sterkare kommunal forvaltning i strandsona og skaffa midlar til kjøp av stadfesta friområde og som i dag er i privat eige.
- \* Stimulera til produksjon, distribusjon og bruk av lokal mat. Det skal vera høve til å søkja prosjektmidlar frå det kommunale næringsfondet.
- \* Legga til rettes for småkraftverk der slik utbygging ikkje kjem i konflikt med lokale miljøkrav.
- \* Løfta fram folkehelsearbeid med enkle og konkrete tiltak.
- \* Styrka Husnes med funksjonar som høyrer til eit regionsenter

Av Ola Matti Mathisen